



Vår dato:

13.03.2019

Vår ref:

2018/12828

Dykkar dato:

18.12.2018

Dykkar ref:

18/1379

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Rolf Gunnar Husveg, 51 56 89 88

Uttale til høyring om forslag til endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen

Viser til utsendt høyring frå Landbruks- og matdepartementet den 18. desember 2018 om «forslag til endringer i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen». Den vanskelege marknadssituasjonen på svin førte til at avtalepartane ved jordbruksoppgjeret i 2018 blei einige om at det skulle utarbeidast eit forslag til endring av husdyrkonsesjonsregelverket for å stanse vidare utvikling i bruken av eingongspurker. Fylkesmannen i Rogaland er positiv til at det kjem eit regelverk som avgrensar framtidig utvikling med auka bruk av eingongspurker, men meiner at det manglar ei konsekvensutreiling for dagens struktur av næringa og for dei som driv med eingongspurker. Vi ser at forslaget vil har store konsekvensar for etablerte strukturar i næringa.

Vi meiner:

1. Tal omsette og slakta gris over og under 50 kg er eit meir kontrollerbart målepunkt for konsesjon. Vi vil at det skal utarbeidast forslag til regulering av svineproduksjonen etter tal omsette smågris. Dette vil gjera at all kontroll kan gjerast gjennom dataverktøy og rapportar, og vil redusera behovet for byråkrati og «stedlig kontroll».
2. Skal regelverket fungere må det vera kontrollerbart. Innsette avlspurker kan i dag ikkje kontrollerast på annan måte enn ved «stedlig kontroll» og etter særskild krav om dokumentasjon. Om ordninga med innsette avlspurker skal oppretthaldast, må det lagast eit klart system for dokumentasjon på tal avlspurker til ei kvar tid.
3. Ramen i ny konsesjonsgrense for utrangerte purker må ikkje setjast for stramt. Endringa vil då ramma færre besetningar, og det kan vera same tal på utrangerte avlspurker anten det er foredling, formeiring eller bruksbesetingar.
4. Ei regelendring som denne kan ikkje ha tilbakeverkande kraft. Det må utarbeidast eit eige regelverk som dei som blir råka av regelendringa kan søkja konsesjon etter.

Litt bakgrunnshistorikk.

Formålet med lova er å legge til rette for spreiing av svineproduksjonen på fleire einingar. Husdyrkonsesjonsregelverket, lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen, har sitt opphav tilbake til 1975 ([LOV-1975-06-13-46](#)). Lova har hatt fleire vesentlege endringar etter dette både på verkemiddel og på produksjonsomfang; innføring av avlspurke som målepunkt i 1987, endringa i 1995 om moglegheit for å søkje konsesjon på bygningsareal som stod unytta, og siste endring i grense for konsesjonsfritak i 2003. Sidan 2003 har grensa for konsesjonsfritak vore uendra for svin.



Etter 2003 har utviklinga vore i retning høgare rekruttering og auka bruk av eingongspurker. Svineprodusentane har ved fornying og ombygging av produksjonsapparatet utvida produksjonen, og dermed brukt høgare rekruttering, fleire eingongspurker, for å halda avlspurketalet under grensa på 105.

Den lange 16 års perioden sidan sist ending av konsesjonsgrensa for gris, har gitt forventing til at regelverket gav moglegheit til høg rekruttering og bruk av eingongspurke, sjølv om det var omdiskutert. Dei siste åra er det gjort store investeringar på bygg og anlegg innanfor mogelegheitsrommet i regelverket.

Forslag om nytt målepunkt

Utrangerte purker er foreslått som nytt målepunkt i regelverket, i tillegg til slakta gris og innsette avlspurker som i dag. Det er foreslått forskjellige grenser for kor mange purker du kan utrangere, alt etter om du driv med eingongspurker som avlsbesetning (formeiring eller foredling) eller om ein driv med eingongspurker som bruksbesetning. Selde purker til liv, og døde purker skal òg teljast med som utrangerte purker.

Fylkesmannen i Rogaland har følgjande merknader til høyringa:

Det er ønskeleg med eit regelverk som avgrensar auka bruk av eingongspurker framover, men det er ikkje ønskeleg at det skal ramma urimeleg hardt hos allereie etablerte strukturar.

- Er forslaget rommeleg nok for dagens, og framtidig produksjon?
 - Gjennomsnittsbetraktingar gjer kanskje ikkje det rette biletet av produksjonen slik den er i dag for dei som driv opp mot konsesjonsgrensa.
 - Vi meiner at ny grense ikkje må setjast for stramt, og foreslår at ei utrangert purke skal telja 10 konsesjonseiningar for alle besetningstyper, og konsesjonsfri grense blir 210 utrangerte avlspurker.
- Kva konsekvensar vil endringa gje for dagens etablerte struktur i næringa?
 - Investeringa som er gjort til bygg og anlegg for eingongspurkeproduksjon er gjort etter siste endring av konsesjonsregelverket for svin i 2003.
 - Den etablerte produksjon av smågris er òg knyta til etablert produksjon av slaktegris, gjerne utvikla parallelt og knyta saman med leveranseavtalar.
 - Forslaget, med tilbakeverkande kraft eller med ei kort overgangstid, vil gje store konsekvensar hos enkelte produsentar, og verke kraftig inn på dagens etablerte struktur i svinehaldet. Konsekvensen blir at det blir ståande unytta produksjonsapparat etter ei eventuell overgangstid er over.
- Brot på lova? Har dei som har satsa innanfor ramma av dagens regelverk gjort noko ulovleg?
 - Intensjonen med lova er spreiling på fleire føretak, og ikkje marknad og marknadsbalanse. Likevel heng dette saman.
 - Moglegheitsrommet regelverket gav var å nyta eingongspurke, dette blei gjort ved dei fleste nye tilbygg og nybygg dei siste åra.
- Kven blir påverka av endringa?
 - Vår berekning visar at det i Norge er om lag 150 smågrisbesetningar, kombinertbesetningar og strukturen på desse, og avlsbesetningar som sel livdyr, som blir påverka av regelendringa i forslaget.
 - Purkeringane blir ikkje påverka. (Satellittane utrangerer ikkje purke, Nava har ikkje slakta over 900 purker)
 - Gjer endringa det slik at det vil bli større interesse for å organisere produksjonen i ein purkering?
 - Vi trur ikkje purkeringer er ei framtidsretta driftsform med tanke på framtidig omlegging til SPF i Norge og smitterisiko.



- Vil forslaget gje utilsikta konsekvensar for enkelte produksjonsformer?
 - Kombinertbesetningane opp mot dagens konsesjonsgrense må anten redusera besetninga, eller selje fleire smågris. Dette er ein uheldig konsekvens. Det er ønskeleg at fleire driv kombinertproduksjon, og at smågrisprodusentane førar fram ein viss del av produksjonen sin sjølve.
- Svineavl er viktig, og avlsbesetningane er omtala at dei må behandlast spesielt på grunn av viktigheita av raskt generasjonsintervall for betre avlsmessig framgang.
 - Det er likevel ønskeleg med ein lik faktor for alle driftstypar, og ved å setja faktoren høgare, blir òg færre avlsbesetningar råka av regelendringa. Likt regelverk gjer behovet for eige offentleg register for avlsbesetningar mindre nødvendig.
 - Fleire av avlsbesetningane driv i dag både som foredling- og formeiringsbesetning. Moglegheita for denne driftsforma har auka dei siste åra, som resultat av at besetningane har vorte større.
 - Korleis skal tal utrangerte purker tildelast til denne kombinerte driftsforma?
 - Kva utfordringar gir det visst ei avlsbesetning endrar produksjonsform, eller mister status på grunn av helse eller avlsarbeid?
- Kva konsekvensar vil endringa gje på kort og lang sikt?
 - Endringa vil på kort sikt redusere produksjonen merkbart, og reduksjonen kjem samanfallande med utkjøpsordninga på purke. Vil dette gje ein for stor og brå ubalanse i marknaden (underdekning?).
 - Vil økonomien i næringa sikre rask nok nyetablering for å dekke marknaden og behovet for smågris til dei etablerte slaktegrisproduksjonane som står utan smågris?
 - Er det samfunnsøkonomisk rett å la etablerte produksjonsanlegg stå tomme som følge av regelendringa, medan nye byggjer opp?
- Kontroll og forvalting av lovverket?
 - Er ordninga kontrollerbar, og kva utfordringar vil forslaget gi for forvaltninga?
 - Døde purker, korleis skal dei kontrollerast?
 - Klassifisering av purke/gris på slakteria.
 - Vil vi med dagens klassifiseringsordning kunne sei sikkert om det er ei slakta avlspurke (som har hatt kull), eller om det er ei stor ungpurke som er slakta.
- Stemmer 15 % regelen overeins med dagens produksjonsform?
 - Regelverket må presisera at fleksibiliteten som ligg i 15 % regelen ikkje gjeld for avlspurker, innsette dyr til ei kvar tid.
 - Varetar den moglegheitene for «alt inn – alt ut» produksjon av slaktegris (4 og 3 innsett annan kvart år)? Kan fleksibiliteten aukast til 20 % for slakta gris og utrangerte purker?
- Saneringar og utskifting av besetning er omtala i høyringa. Ligg det uføresette utfordringar her?
 - Søknadsarbeid må ikkje føra til unødig forseinking i ei avgjerd om å sanera ein sjukdom.
- Overgangsordningar, kva er rimeleg overgangstid?
 - Om ein skal ha respekt for dei investeringane som er gjort dei siste åra vil rimeleg overgangstid kunne følgje nedskrivingstida.
 - Ein kan sjå føre seg individuell behandling som ei løysing for å setje rett nedskrivingstid for det enkelte føretak.
- Kan tildeling av konsesjon, etter søknad innanfor eit gitt regelverk for dette, være ei løysing for dei som har etablert ein produksjon innan for moglegheitsrommet i regelverket?
 - Ved tildeling av konsesjon for enkelte føretak som blir påverka av regelendringa, anten det er foredling, formeiring eller bruksbesetingar, vil ein unngå at konsesjonsgrensene blir pressa opp.



Høyringa omtaler òg standardisert erstatning ved brot på regelverket ved overproduksjon. I forhold til forvalting og kontroll meiner vi at både dagens målepunkt innsette avlspurker, og utrangerte purker i framtidig ordning, krev og vil krevje eit stort byråkrati for å bli kontrollert rett og gi likebehandling. «Stedlig kontroll» er og vil vera ein føresetnad, med innhenting av data og informasjon utanfor leveranseregisteret (døde purke), for å stadfeste drift innanfor grensene eller ikkje.

Utmåling av standardiserte satsar og kontroll:

- Det er behov for klare målepunkt for avlspurker for å avdekkje perioden brotet gjeld, og varighet på perioden.
- Innsette avlspurker lar seg ikkje kontrollere med dagens ordning utan om «stedlig kontroll»
- Det må definerast meir klart i regelverket om utmåling av tal avlspurke over ein periode, eller mellom to eller fleire kontrolltidspunkt.
- Oppdatering av satsane. Det vil med skiftande økonomi i næringa, og nye utfordringar som vi ikkje ser i dag, være behov for regelmessig og raskare oppdatering av satsane.

Ei forenkling av regelverket og kontroll vil vera å gå over til tal omsette smågris inntil 50 kg, saman med omsette og slakta gris over 50 kg som målepunkt for konsesjonsgrensa. Vi ønsker at det blir utarbeida forslag til ei slik ordning. Saman med ei ordning som gjer det mogleg å søkje konsesjon på etablert struktur, vil tal på omsette smågris gje ei klar forenkling av både regelverk og kontroll/byråkratiet utan at det presser konsesjonsgrensa oppover.

Vi bidreg gjerne i det vidare arbeidet med utarbeiding av regelverket.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Rolf Gunnar Husveg
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------------|---------------------------------|------|-----------------|
| ROGALAND BONDE & SMÅBRUKARLAG | Kyllesveien 59 | 4308 | SANDNES |
| NORSVIN ROGALAND | v/Per Inge Egeland | 4137 | ÅRDAL I RYFYLKE |
| Rogaland Bondelag | Eglandsvegen 71 Postboks 278 | 4002 | Stavanger |